



Rasmus Kristen Soltveit
Nedre Soltveit 26
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9148 - 21/78847

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
22.11.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 414/17 Soltveit

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr:414/17
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.10.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Me treng litt meir informasjon om kven som skal kjøpa frådelt parsell. Og eventuelt kva ein har tenkt å bruka parsellen til. Om det er andre enn eigarar som driv aktivt landbruk må ein søkje om dispensasjon frå LNF formålet i kommunedelplan for Radøy. Informasjon om dispensasjon finn du i vedlagte dokument. Gjer merksam på at dispensasjonssøknad skal nabovarslas.
2. Søknad er sendt inn før fristen for å kome med merknader til nabovarsel er utgått. Det må opplysast om det er kome inn nabomerknader desse må og eventuelt kommenterast.
3. Det er ein fordel at ein nyttar kommunen sitt skjema for søknad om oppretting av ny grunneigedom (frådeling). Ein kan også nytta kartverket sine skjema. Legg ved kommunen sitt skjema for rekvisisjon.
4. Det er gjeve vegrett over gbnr 414/12. I tillegg må ein søkja om utvida bruk av avkøyrsla til kommunevegen. Slik søknad gjer ein på vegvesenet sine heimesider; vegvesen.no.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.12.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)
skjema-soknad_rekvisisjon-_alver-til-utfylling

Mottakarar:

Rasmus Kristen Soltveit

Nedre Soltveit 26

5939

SLETTA